

# KYRKJEBLADE

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen

## Jolekveld

*Stille – stille.*

*Det syng i natt:*

*Tonar milde om lova skatt.*

*Sus i lufta av venger små.*

*Englar kjem ifrå himmel blå.*

*Stille – stille.*

*Det syng eit kor.*

*Ljodar vidt over heile jord:*

*Barnet sveipt i ei krubbe er.*

*Gud er komen oss alle nær.*

*Stille – stille.*

*Dei syng sin song:*

*Fred på jorda enno ein gong.*

*Himlen lyser i vester klår.*

*Stjerna blinkar på ferda vår.*

*Stille – stille.*

*Dei gleda gav.*

*Songen stig over land og hav:*

*Himmelsson i verda går.*

*Jesus Kristus er vegen vår.*





## Kyrkjetrappa

### KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid  
[www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)



**Kyrkjeverje**  
Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
[post@kyrkjetrappa.no](mailto:post@kyrkjetrappa.no)



**Sokneprest**  
Møyfrid Lunde  
Kontor tlf: 35 06 81 32  
Mobil tlf: 46 90 72 31  
[sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no](mailto:sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no)



**Organist**  
Olav Holm  
Mobil: 43 40 11 56  
[organist@kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Håkon Heggtveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48  
[kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no](mailto:kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no)



**Trusopplærar og  
kyrkjelydssekretær**  
Brit Helen Finstad  
Kontor: 35 06 81 28  
Mobil: 98 85 58 74  
[tru@kyrkjetrappa.no](mailto:tru@kyrkjetrappa.no)



**Prostidiakon**  
Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
[eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

**Om bladet**  
Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.  
Framsida: dikt av Olav Mosdøl.  
Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS

**Gåver:**  
Bankkonto: 2660.45.14648  
Vipps: 88041 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

## Løfte om kjærleik!

Av Stein Reinertsen, Biskop i Agder og Telemark

Ein handverkar var kjend for ikkje å kome når han hadde lova. Han grunn-gav det slik: «Ein kan ikkje både love og halde på ein gong.» Vi har vel alle våre eigne røynsler, både med løfte vi sjølv har gjeve og med dei som andre har gjeve til oss. Det er ikkje alltid samsvar mellom ord og handling.

Rudolf Nilsen skriv i eit av sine dikt: «Intet er mer som skrift i sand enn løfter om kjærighet.» Det du skriv i sand, blir ikkje ståande. Vind og bylgjer viskar skrifta ut. Det blir gløymt for alltid. Skal løfta ha verdi, må dei oppfyllast. Løfte om kjærleik må gje seg praktisk utslag i handlingar som viser at du er glad i eit menneske.

Når keisar Augustus byd at alle skal skrive seg inn i manntal, skriv samtidig Gud seg inn i vår historie ved at Jesus blir født som eit barn. Joleevangeliet byrjar slik på latin: Factum est – faktum er. Ein har sagt at jolenatt fekk Gud adresse på jorda.

«Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda», skriv Johannes. Ordet fotografere kjem frå gresk og tyder direkte omsett «å skrive med lys.» Når Jesus skriv seg inn i vår verd, teiknar han eit bilet av korleis Gud er, med ord og ikkje minst i konkret handling.

Guds løfte om kjærleik blir synleg når han blir ein av oss. Guds løfte om kjærleik får sitt aller tydelegaste teikn når Jesus gjev sitt liv for vår skuld. Så høgt er vi elsa av Gud.

Gud ynskjer å skrive seg enda lengre inn enn i vår historie. I Austkyrkja seier dei: «Kristus blei det vi er, for at vi skal bli det Han er.» Han ynskjer å skrive seg inn i våre liv. Det er det som blir kalla å tru. Trua er ein relasjon til Jesus. Johannes skriv i sitt joleevangelium:

«Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.» Joli fortel oss at Gud ikkje skriv sine løfte om kjærleik i sand, men i handling.

Med ynskje om ei velsigna jolehøgtid!



# Møte med Edgar Gamst Kristoffersen

## - Ny rektor på Kvitsund Gymnas



**Rektor Edgar Gamst Kristoffersen på skuletunet.** Foto: Kurt Nødland

**Kyrkjebladet har fått ein hyggeleg kontakt med rektor Edgar, som er 48 år. Me spør litt om hans bakgrunn og oppstart på skulen hausten 2019.**

*Eg vart fødd i Finnmark i 1971 i Lakselv, fortel rektor.*

Foreldra mine var frå Sandland og Gamvik. Me var ein syskenflokk på fire, og som fireåring flytta me sørover. Barneåra blei knytt til Hadeland, og eg gjekk vidaregåande skule på Askim.

### *Har utdanning og yrkesval sett farge på livet ditt?*

Då eg gjekk i andre klasse på vidaregåande blei eg ein kristen. Ikkje lenge etter opplevde eg eit ønskje og ein trong til å krysse landegrensene med bodskapen eg hadde fått del i. Planen var å bli prest og reise ut som misjonær, men først ville eg ta eit år på Fjellhaug bibelskule. Der oppdaga eg misjonsskulen; noko som bestemte kurseren vidare. I 1998 drog eg med kone og tre barn til Paris for å lære fransk. I 1999 sette me kurseren for Elfenbenskysten og Mali. Etter 7,5 år blei det Noreg igjen med meir utdanning: bachelorgrad i teologi, PPU, skuleleiring og årseining i fransk, fortel Edgar Gamst Kristoffersen.

### *Kva førde deg inn i oppgåva som rektor på Kvitsund?*

Her i heimlandet kom skulearbeid til å bli mitt yrke vidare. Eg var lærar i eitt år og 11 år som assisterande rektor/innspektør ved Nordborg vgs. på Finnsnes i Troms. Det var lærerike og gode år, og Nordborg var ein flott arbeidsstad. Kona mi, Liv Aase, er også lærar. Ho fekk seg også arbeid både i offentleg skule og på Nordborg.

### *Men så dukka Kvitsund Gymnas opp?*

Utfordringa kom frå Kvitsund. Då me etter kvart takka «ja» til flytting, var det ikkje på grunn av mistrivnad i nord. Årsaka var meir samansett. Skulle eg

prøve meg som rektor, passa tida frå hausten 2019. Kvitsund var ei spennande utfordring, og me hadde hørt mykje bra om skulen. Samtidig kjende eg på eit ønskje om å kome nærare familien min, som eg hadde budd langt unna i 20 år. I tillegg hadde fire av barna våre flytta sørover. Kona mi og eg heldt familieråd, og me tok også Gud med i denne prosessen.

### *Korleis har møte med Telemark vore?*

Me reiste frå ein vakker landsdel, men har også kome til eit flott område av landet her i sør. Telemark har mykje fint å by på, både kulturelt og naturmessig. Me gler oss til å bli kjende i Vest-Telemark, og ikkje minst til å møte fleire sambygdinger. Me har blitt tatt i mot med stor gjestfridom, venlegheit og omsorg - både på Kvitsund og i Kviteseid. Slikt varmar. Starten har vore god, men sjølvsagt ikkje upproblematiske. Flytting kan bety sakn, og nyetablering tar alltid litt tid for store og små.

### *Kva med oppstarten av skuleåret 2019/20?*

Det nye skuleåret har begynt veldig fint, seier rektor Edgar. - For meg har det vore viktig å bli kjend med skulen og medarbeidarane, skulens kultur og indre liv. Å gå inn i Kvitsunds historie, tradisjonar og plass i lokalsamfunnet, har også vore viktig. Det har vore lett å få auga på mykje bra. Men først og fremst vil er trekke fram ei kompetent og god personalgruppe, både i skulerom og internat. Elevane har også imponert

meg. Dei er bra, hyggelege og imøtekommende. Ei utfordring på Kvitsund vil framover vere å stabilisere elevtalet på eit høgare nivå.

### *Kva vil vere dei viktigaste oppgåvene framover?*

Me må arbeide aktivt for å auke elevtalet vårt, slik at me kan ha «fulle hus» både i klasserom og internat. Men samtidig må me ha tydeleg fokus på dei elevane me faktisk har. Det skal vere ein trygg plass for alle, understrekar rektor. Vårt ønskje er å formidle fag og kunnskap på ein god måte, samt å arbeide for at elevane skal trivast hos oss. Vidare må me halde fast på det faktum at me er ein kristen skule, at me har ein bodskap å formidle ut over lærerplanane. Desse tre momenta høyrer saman: fag, trivsel og tru. Og me understrekar: Alle er velkomne til Kvitsund!

### *Ei personleg helsing til slutt?*

Då vil eg seie at det er veldig fint å oppleve eit mangfaldig forsamlings- og menighetsliv i Kviteseid. Det er viktig å kunne samlast for å få næring for sitt trusliv. Det kan ha noko med alderen å gjere, men eg blir meir og meir glad i å høyre om det Kristus har gjort: «at Kristus døydde for oss medan me enno var syndrarar (Rom 5.8).» Så går me mot advent og jol. Då skal me minnast den glade og livgjevande bodskapen om at Gud ønskjer fellesskap med oss alle, sluttar Edgar Gamst Kristoffersen.

Av Olav Mosdøl



Kvitsund Gymnas. Foto: Olav Mosdøl

### Kvitsund Gymnas 65 år

I 1954 kjøpte Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) Telemark Folkehøgskule på Utsund gard i Kviteseid. Skulestaden fekk namnet Kvitsund. Det kom i gang forhandlingar med Forsøksrådet og departementet om forsøk med 9-årig skule i Vest-Telemark. Oppstarten kom hausten 1956. Fyrste kullet gjekk ut i 1958. Då vart Kvitsund linedelte ungdomsskule etablert av kommunane

Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje. Samarbeidet varde til 1972. Då Kvitsund vart ungdomsskule for Kviteseid kommune fram til 1975.

Kvitsund Gymnas kom i gang hausten 1974. Det har vore 10 rektorar i gymnas-perioden. Siste rektor er Edgar Gamst Kristoffersen.

## Helsing frå Manila

Beste helsing frå Gunhild Dobbe

No er eg på MaMa Children's Center of Norway att, fram til 3. april. Som styremedlem i stiftinga held eg kontakt med arbeidarane, besøker utpostane og rapporterer til styret i Noreg. Og så får eg vere saman med barneheimsborna og dei gamle på aldersheimen. Eg er også med i legeteamet som gjev helsehjelp, medisinar, mat, klede og sko i fattige område.

Sjukehuset vårt, med mange avdelingar og stor aktivitet, er økonomisk krevjande, men Vår Herre har omsorg for dei fattige, og pengane kjem inn. Rachel Trovis tanke med sjukehuset var å hjelpe dei som ikkje kan betale. No treng vi å få opna operasjonsavdelinga. Vi manglar også ein ambulanse og treng fleire sjukepleiarar.

På hovudsenteret, Håpets Havn, ligg barneheimen, aldersheimen, administrasjonen, systoga og kyrkjebygningen. Hovudkjøkkenet er slitt, trongt og lite hygienisk, men neste år får vi nytt kjøkken i gåve av ein byggmeister på Vestlandet. Vi driv også tre forskular. Ein av dei er betalt av skular i Porsgrunn.

Eg gler meg til å feire jol her. Filippinarane elskar å lage fest. Dei er svært kreative og får til mykje fint av enkle

ting. Før jol har vi spesielle hjelpetiltak. Vi tek på oss raude nisseluver, fyller bilane med matpakker og anna og drar ut til dei fattigaste. Med konkurransar og leik, dans og jolesongar blir det høg stemning. I tre fengsel gjev vi dei innsette noko ekstra godt til jol.

Det blir ikkje ribbe, pinnekjøtt eller lutefisk på meg i år. På jolaftan er det spaghetti med kjøttsaus og kjøtbollar, for det ynskjer barneheimsborna. I kyrkja et vi saman, syng og høyrer andakt og har det hyggeleg. Borna opptrer med dans og underhaldning. Det er godt å kjenne fellesskapet, og jolebodskapen er den same kvar vi er i verda.

Eg ynskjer dykk alle der heime ei riktig god jol og eit godt nytt år. Og takk for all forbøn.



# Vi vil uttrykke vår store takksemd!



## GJEVARGLEDE! FASTE GÅVER:

(VEL 1, 2 ELLER 3 UNDER HER)

1. Ordne **AvtaleGiro** på nett og signer med BankID / BankID på mobil.  
Gå til [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no) og vel 'Gi ei gåve' under MENY i venstre marg
2. Fyll ut blanketten for **AvtaleGiro** og returner
3. Opprett fast trekk/betaling frå egen nettbank

Her er oppskrifter for SPAREBANKENEN SØR:  
• Logg på INNETTBANKENEN i Sparebanken SØR på vanleg måte  
• Fra forsida velg MENY  
• Under betaling og overføring, velg Opprett fast betaling  
• Fyll ut skjemaet og trykk på UTIFØR  
• Banksen ber deg bekrefte. Ferdig!

### ENKELTGÅVER:

- Kollekt / offring i kyrja under gudstenester (for skattefrådrag må du legge ved ein givarnummer som du får ved henvendning til kyrkjekontoret)
- Sende pengar til Kviteseid sokn, kontonr. 2660-45-14648
- **Vipps** (Kjøp og betal) til **880411**. Vely 'Anna gåve'.  
Her har vi flere alternativ til kva du vil gi til. Du kan samstundes registrere gåva for skattefrådrag (litt ekstra informasjon børre tyyste gong).

### SKATTEFRÅDRAG:

Alle pengene giv til kyrkja giv rett til skattefrådrag, til over 20-30 av saman beløpet lever av kret. Einaste krav er at vi får melding om at du ynskjer det og at samla sum er mellom 500 og 50.000 kr (2019-tal). Vi finn personnummeret ditt og melder fra om gåvene ved årsslutt.

## Takk for di gavé til Kyrkjebladet

97 personar har så langt i år gjeve over 30.000 kr. Takkebrev er sendt ut i november. Har du ikkje fått det, høyrer vi gjerne frå deg. Vi er spent på om vi når budsjettet på kr 50.000 kr, som er kostnaden for trykking og utsending av 4 nummer i året.

## Takk for di gavé via kyrkjeoffer

Nokon vel å gje via vipp, og mange gjer framleis kontantar. Til og med oktober er det kome inn heile 165.000 kr (30.000 kr, 18 %, av desse på Vipps). Av dette er 115.000kr gitt til eksterne føremål og 50.000kr er gitt til eige arbeid.

## Takk for di GJEVARGLEDE!

Dette er ordninga vår for faste månadlege gåver via bank. 14 personar gjev til saman 4700 kr kvar månad. Det blir 56.400 kr på eitt år, og pengane går til kyrkjelydsarbeid som trusoplæring og

diakoni. Dette har gjort det mogleg for soknerådet å utvida stillinga til trusoplæraren vår. DI STØTTE GJER EIN FORSKJELL! AvtaleGiro er den enklaste måten å gje fast på, og det ordnar ein lettast på nettsida vår [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no) og vél "Gi ei gavé".

Sjå elles innstikket i bladet her.

## Alle gaver gjennom eller til kyrkja kan du få skattefrådrag for

Om lag 50 nyter godt av denne statlege ordninga. Ta kontakt med kyrjeverja. Årsoppgåve og takk kjem i januar.

## TAKK FOR DI GÅVE GJENNOM FRIVILLIG INNSATS!

Mange er på forskjellige måtar engasjert i frivillig arbeid i kyrkja. Det kan vere gjennom arbeid med born og unge, diakoni, oppgåver under gudstenester, møte/komit -arbeid eller anna.

# Julegruble

Finn bokstavane bak tala. Når bokstavane er på plass, har du fått 6 stadnamn i Kviteseid først og deretter 6 bibelske namn. Litt hjelp: 13=U.

Laga av: Einar Søreide

|   |   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 2 | 7 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|

|   |   |    |    |   |    |   |   |
|---|---|----|----|---|----|---|---|
| 8 | 9 | 10 | 11 | 9 | 10 | 1 | 4 |
|---|---|----|----|---|----|---|---|

|    |    |    |    |   |    |    |   |
|----|----|----|----|---|----|----|---|
| 12 | 13 | 14 | 15 | 5 | 11 | 10 | 4 |
|----|----|----|----|---|----|----|---|

|    |   |   |   |    |   |    |   |
|----|---|---|---|----|---|----|---|
| 16 | 2 | 3 | 7 | 15 | 4 | 10 | 9 |
|----|---|---|---|----|---|----|---|

|   |    |   |    |    |    |    |   |
|---|----|---|----|----|----|----|---|
| 5 | 11 | 3 | 10 | 13 | 16 | 10 | 1 |
|---|----|---|----|----|----|----|---|

|   |    |    |    |   |    |   |   |
|---|----|----|----|---|----|---|---|
| 6 | 14 | 17 | 11 | 5 | 13 | 1 | 4 |
|---|----|----|----|---|----|---|---|

|   |    |    |    |   |    |    |   |
|---|----|----|----|---|----|----|---|
| 1 | 10 | 11 | 10 | 1 | 17 | 15 | 9 |
|---|----|----|----|---|----|----|---|

|    |    |    |   |    |    |    |   |
|----|----|----|---|----|----|----|---|
| 11 | 17 | 16 | 2 | 11 | 15 | 13 | 5 |
|----|----|----|---|----|----|----|---|

|    |   |    |   |    |    |    |    |
|----|---|----|---|----|----|----|----|
| 15 | 9 | 17 | 5 | 10 | 17 | 15 | 11 |
|----|---|----|---|----|----|----|----|

|    |    |    |    |   |    |    |   |
|----|----|----|----|---|----|----|---|
| 17 | 16 | 16 | 10 | 1 | 13 | 15 | 9 |
|----|----|----|----|---|----|----|---|

|    |   |   |    |   |    |   |    |
|----|---|---|----|---|----|---|----|
| 17 | 5 | 6 | 10 | 3 | 17 | 2 | 11 |
|----|---|---|----|---|----|---|----|

|   |    |    |   |    |   |    |   |
|---|----|----|---|----|---|----|---|
| 5 | 11 | 15 | 8 | 10 | 1 | 13 | 5 |
|---|----|----|---|----|---|----|---|



# BARNAS SIDE

## Finn fem feil!

Ein engel viste seg for Josef i ein draum. Den fortalte Josef at barnet i magen til Maria var Guds son.

Teikning: Alessandro Coppola



## Fargelegg!

Jesus vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning: Francesca De Luca

## Finn vegen til stjerna!

Finn du vegen  
frå trestammen  
og heilt opp  
til stjerna i  
toppen av  
juletreet?



Gje barnebladet  
**Barnas til eit barn**  
du er glad i!

Desse oppgåvane  
er henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [Sondagsskolen.no](http://Sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## Vitsar

– Kan eg få hund til jul, pappa?  
– Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

– Kvifor sit du i fengsel?  
– Eg starta julehandelen litt for tidleg.  
– Ein kjem vel ikkje i fengsel for det?  
– Dersom ein startar før butikkane  
opnar, så ...

## Adventskalender til 5-åringar

10.november inviterte me spesielt 5-åringane til gudsteneste. Før gudstenesta møttest me i kjellaren i Brunkeberg kyrkje. Her hadde me ei samling med song, skodespel og leik. Me tjuvkikka òg litt på adventskalenderen som dei fekk utdelt under gudstenesta. No er me klare for desember og forberedelsen til Jesu bursdag. Har du ein 5-åring i huset som ikkje har fått kalenderen, er du velkommen til å hente ein på kyrkjekontoret.



## Gullkonfirmantar



Desse festkledde folka var konfirmantar for 50 og 51 år sidan med Haarek Midtgård som prest. Jubileet vart feira med gudsteneste i Brunkeberg 29. september. Etter gudstenesta hadde dei vidarekomne konfirmantane si eiga samling med god mat og prat.

# Vrådal bedehus – eit historisk riss

Av Herdis Nordbø Jørgensen.



*Etter vekkinga i 1859 var det mykje kristeleg møteverksem i Vrådal. Folk kom saman i heimane, i skulestoga og i kyrkjestoga, men i 1909 tok indremisjonslaget initiativ til å få sett opp eit bedehus.*

## Huset vart bygd

Ketil T. Graver gav fri bruk av tomt, og då det var samla inn om lag 3000 kr, vart bygginga sett i gang. Byggmeistrane Tarjei og Olav Strand sette opp huset. Det vart innvigd 23. oktober 1912. Samla kostnad var om lag 3600 kr. Huset fekk namnet «Ytre Vrådal Menighetshus.» Det skulle stå for statskyrkja si lære og vere eit hus for heile kyrkjelyden, men munnleg vart det berre kalla «Bedehuset.»

## Allsidig aktivitet

Bedehuset vart ein stad for kristeleg verksem, men også eit kultursentrums i bygda. Uteljande mange møte, festar og basarar er halde her, i indremisjonen (frå 2001 Vrådal Normisjon), kvinneforeninga, sundagsskulen, ungdomslaget, jentelaget, Aktivklubben og Yngres. Her har vore konfirmantundervisning,

festar og gudstenester. Huset har også vore nytta av mange andre lag og til konfirmasjonsselskap, minnesamvær m.m. I åra 1917-1923 var det småbruks- og jordbrukskule her.

## Tidleg modernisering

Frå byrjinga var kjøkkenet lite, så i 1914 vart det i tillegg sett opp eit lite skur med bryggjepanne nede ved elva. Utpå 1920-talet vart det bygd stall inntil uthuset og i 1931 kjøpte dei vedkomfyr til kjøkkenet. Bedehuset fekk elektrisk straum i 1942. I 1957 kom det bord og stålroyrstolar i staden for dei lange trebenkane.

**Utbygging og fornying i 1964-1966**  
Stolpane i storsalen var upraktiske, og det var ope heilt opp til takkvelven. Huset var kaldt, og det var trong for garderobe, byttekott og toalett. Årsmøtet i 1964 vedtok modernisering og tilbygg. Arbeidet, leia av Mikkel Kråkenes, var ferdig i 1966. Huset fekk elektrisk oppvarming og vatn frå brønn ovanfor riksvegen til det kom kommunalt vassverk. I 1983 vart det bygd på eit lagerrom inntil veslesalen.

## Inventar og utstyr

Mykje har blitt fornya og nye ting er kjøpt: Middags- og kaffiservice, komfyr, kjøle- og fryseskåp, skåp i veslesalen, projektor og skjerm, høgtalaranlegg, sangbøker m.m. Trøorgelet frå 1914

vart gjeve til Misjonsheimen i 1986. Bedehuset har hatt piano, fleire elektro-niske orgel og no eit el-piano. Vi fekk også ei oppvaskmaskin i gåve i 1984. På slutten av 1990-talet vart det kjøpt 60 forsamlingsstolar frå Helland Møbel-fabrikk, og litt seinare 12 nye bord.

## Den store husreparasjonen

Hausten 1994 oppdaga Håkon Bakkan store rote- og soppeskader under tilbygget. Årsaka var helst at grunnen utanfor skråna nedover mot huset, så det seig vatn ned i krypkjellaren. Håkon utførte reparasjonen og Jon Straand planerte parkeringsplassen og grov grøft innved huset.

## Nye vedlikehaldsoppgåver

Det er gjort ulike tiltak for å løyse problem med lekkasjar og frosne vassrøyr i krypkjellaren. I 2001 blei kjøkkenet pussa opp på dugnad. I 2005-2006 vart det lagt stålplater på taket, og det måtte

monterast ny snofangar i 2010. Pipa er bygd på og kledd, panelomnane er bytt ut, likeså klosetta og utgangsdørene.

## Takk til alle som har gjort ein innsats for Bedehuset

Det ligg ein utruleg innsats bak alt som har skjedd med Bedehuset. Takk for alt arbeid og alle gåver, takk til alle som har stått i arbeidet for born, unge og vaksne, og takk til alle som har bruka Bedehuset.

## Ei historie er snart over

Medlemstalet i Normisjon har minka, bygdesamfunnet og dei kyrkjelege tilhøva har endra seg, medlemene blir eldre og det er arbeids- og kostnadskrevjande å drive eit forsamlingshus. Medlemsmøtet kom då samrøystes til at det var rett å avvikle drifta av sjølve huset og selje det. Vemodig er det, og mange vil nok sakne Bedehuset.

# Førjulskonsert: Ingri Elise Engeland med vener. Søndag 08.12.19 kl. 19.00 i Kviteseid kyrkje.

Ingri Elise Engeland har lenge ønska å ha ein konsert i Kviteseid kyrkje for å gje noko tilbake til bygda som ho er blitt så glad i. Ingri Elise er lærar på Kvitsund og korpsleiar i kulturskulen. På konserten vil ho spel fløyte saman med Olav Holm (piano), Angelika Karsrud (bratsj) og Hildegun Haukenæs (song/piano). Dette vert ei annleis julekonsert, med utgangspunkt i Maria, undring og førjulstid.

Gjennom tidene er det mange komponistar som har blitt fasinert av Maria. Ho har vore inspirasjonen til noko av det vakraste som er blitt skrive av klassisk musikk. Det blir alt frå kjente julesongar til klassiske perler (Debussy, Schubert og Telemann)

Angelika Karsrud (bratsj) og Ingri Elise er gamle studievener frå musikkhøgskulen i Freiburg, Tyskland. Ho bur no

på Gvarv og mellom anna underviser ho i fiolin ved Skien kulturskole, og ho har vore utøvande musikar i Oslo Filharmonien i mange år.

Olav Holm, den nye organisten vår, deltek også. Han har spela piano frå ung alder og starta allereie som 13 åring med å vikariere som organist. Mange kjenner han som leiar av Kviteseid Soul Children og som fast akkompagnatør til allsong i mange samanhengar.

Songaren på denne julekonserten er Hildegun Haukenæs med musikalsk utdanning frå Bergen musikkonservatorium og Norges musikkhøgskole (cand.mag.kyrkjemusikk). Ho har arbeidt som organist i fleire kyrkjer både i Oslo og i Skien. For tida er ho tilsett i Solum kyrkje. Hildegun bruker både song, orgel og piano som ein del av jobben sin, og ho liker å arbeide med

ulike stilartar; viser, klassisk, jazz og folkemusikk.

Ingri Elise sjølv har bakgrunn frå Norges Musikkhøyskole og Barrat Dues Musikk-institutt. Som profesjonell musikar har ho i mange år vore fast tilsett som solo-floytist i Oviedo Filarmonía, Spania.

Ho og vi håpar å sjå både kjente og ukjente i Kviteseid kyrkje søndag 8. desember klokka 19.00. Velkommen!



## Døypte

Kviteseid: Saga Snaunes

## Døde

Brunkeberg: Gunnar Risvoll  
Torvund

Kviteseid: Arne Staaland  
Arnfinn Vesterdal

*Meir himmel på jorda*

## OPPSLAGSTAVLA

### Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

### Adventkonsert i Kviteseid kyrkje

Tredje søndag i advent er dagen for den tradisjonsrike adventkonserten: Søndag 15. desember kan song- og musikk-krefter i bygda på nytt invitere til storsamling i kyrkja. Med Kviteseid Hornmusikk, Kviteseid barnegospel, Unge Røyster, Kviteseid Soul Children, Kvitsundkoret, Ågapet og Fredheim-koret ligg alt til rette for rikeleg med adventsstemning og musikalsk bredde. Sokneprest Møyfrid Lunde held an-dakt, og heile kyrkjelyden får høve til å synge. Alle er hjarteleg velkomne til denne førjols-samlinga i Kviteseid kyrkje!

### Kyrkjelydens føremiddagstreff på Misjonshuset

|              |         |
|--------------|---------|
| 11. desember | kl. 11. |
| 22. januar   | kl. 11. |
| 26. februar  | kl. 11. |
| 25. mars     | kl. 11. |
| 22. april    | kl. 11. |

2020 kan du finne på kviteseid.sokn.no. Velkommen alle born!

### Familiearrangement

18. april vert det familieprogram med Jarle Waldemar i Kviteseid kyrkje. Same dag held han seminar for leiarar som driv arbeid for barn og ungdom.

### Felleskyrkjeleg samarbeid

#### i Kviteseid:

2. februar – felles familiemøte  
på Misjonshuset kl. 16 – talar Linda A. Johansen.

6. mars – 8. mars felles møtehelg  
på Misjonshuset.

Felles bøn på Betel  
siste onsdag i månaden kl. 20.30.

### Misionshuset Kviteseid Normisjon Tysdagsmøter

kvar tysdag kl. 19. Sjå annonsering.  
0-100 samling  
sundagar kl. 11 – 12. og 26. januar: 16. og 23. februar; 22. mars; 5. og 19. april

### Vrådal Normisjon

Då Bedehuset er i ein salsprosess, er ikkje programmet vidare fastsett enno. Sjå lysingar i Vest-Telemark Blad.

### Levande tru-seminar

Kviteseid Misjonskyrkje inviterer til seminar for alle som er opptatt av at neste generasjon kan utvikle ei levande tru på Jesus! Undervisning ved Linda Ardernach Johannesen. Tid og stad: Sundag 2. februar kl 13.00 på Kviteseid Misjonshus.

# Gudstenester

**RETURADRESSE:**  
KYRKJEKONTORET  
KVITESEIDGATA 13  
3850 KVITESEID

## DESEMBER

**Sun 22. 4. sundag i adventstida**, *Matt 1, 18-25*  
Kilen kl. 16. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Nattverd. Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt  
2017-2019. Eit annleis jolebord.

**Tys 24. Jolaftan**, *Luk 2, 1-20*  
Gudstenester. Ofr. Kirkens Nødhjelp.  
Fjågesund kl. 12.45 – Møyfrid Lunde  
Vrådal kl. 14.30 – Møyfrid Lunde  
Brunkeberg 15.00 – Asgeir Sele  
Kviteseid 16.15 – Møyfrid Lunde

**Ons 25. Joledag**, *Joh 1, 1-14*  
Kviteseid kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste.  
Møyfrid Lunde. Nattverd. Ofr. NMS.

Vrådal kl. 13.30 Høgtidsgudsteneste.  
Møyfrid Lunde. Nattverd. Ofr. NMS

**Tys 31. Nyttårsaftan**, *Matt 11, 25-30*  
Kviteseid kl. 23.15. Gudsteneste. Nattverd.

## JANUAR

**Sun 5. Kristi openberringsdag**  
Kviteseid kl. 11.00 Gudsteneste. Møyfrid  
Lunde, Kjell Arne Norum og Eilev Erikstein

**Sun 12. 2.sundag i openberringstid**  
Brunkeberg kl. 11.00 Familiegudsteneste.  
Møyfrid Lunde. Utdeling av dåpsgåver.

**Sun 19. 3. sundag i openberringstid**  
Kviteseid kl. 11.00 Gudsteneste.

**Sun 26. Inga gudsteneste**

## FEBURAR

**Sun 2. 5.sundag i openberringstid**  
Fjågesund kl. 11.00 Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde

**Sun 9. Såmannssundag**  
Brunkeberg kl. 11.00. Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde

**Sun 16. Inga gudsteneste**

**Sun 23. Fastelavnssundag**  
Vrådal kl. 11.00. Familiegudsteneste.  
Møyfrid Lunde

## MARS

**Sun 1. 1. sundag i fastetida**  
Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde

**Sun 8. 2. sundag i fastetida**  
Brunkeberg kl. 11.00. Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde

**Sun 15. 3. sundag i fastetida**  
Kviteseid kl. 11.00. Familiegudsteneste.  
Møyfrid Lunde

**Sun 22. Inga gudsteneste**

**Sun 29. 4. sundag i fastetida**  
Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde

## APRIL

**Sun 5. Inga gudsteneste**

**Tors 9. Skjærtorsdag**  
Vrådal kl. 11.00. Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde.

**Fre 10. Langfredag**  
Brunkeberg kl. 11.00. Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde

**Sun 12. Påskedag**  
Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde

Vrådal kl. 13.30. Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde

**Man 13. 2. påskedag**  
Fjågesund kl. 11.00. Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde